

## Instruks for Lokalt organ for kvalitet i utdanninga (LOKUT) ved NLA Høgskolen

### Ansvarsområde

LOKUT har ansvar for og mynde til å føre tilsyn med utdanningskvaliteten ved NLA Høgskolen ut frå rammer gitt av universitets- og høyskoleloven, forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, NOKUT si studietilsynsforskrift og NLA Høgskolen sine egne vedtekter.

Dette konkretisert som følgjer:

LOKUT skal:

1. Kvalitetsutvikling
  - a) fremje forslag til styret for plan for systematisk kvalitetsarbeid
  - b) fastsette malar og prosedyrar i pakt med vedteken plan og følgje dette opp
  - c) vedta kvalitetsrapport og foreslå tiltak før rapporten fremjast for styret
  - d) utarbeide retningslinjer for bruk av ekstern vurdering, som for eksempel eksternt kvalitetsutval
  - e) vedta retningslinjer og rulleringsplan for periodisk evaluering av NLA sine studietilbod
2. Kompetanseutvikling
  - a) utvikle kompetanse innan ansvarsområdet og gjere denne tilgjengeleg internt i organisasjonen
  - b) trekke inn ekstern kompetanse knytt til større arbeid med nyetablering eller revisjon av studier
3. Godkjenning av studie- og emneplanar
  - a) fremje for styret retningslinjer for utvikling, revisjon og godkjenning av studie- og emneplanar som del av plan for systematisk kvalitetsarbeid
  - b) fastsette malar og prosedyrar og organisere og følge opp arbeidet
  - c) godkjenne studie- og emneplanar høgskolen er akkreditert for
  - d) kvalitetssikre søknad om akkreditering av studietilbod som høgskolen ikkje har akkreditering for. Søknaden skal godkjennast av styret før innsending til NOKUT.
  - e) opprette fagleg komité for vurdering av planforslag, dersom LOKUT finn dette tenleg som grunnlag for si endelege vurdering eller for forslag til forbetring. Dette vil mellom anna kunne vere aktuelt ved heilt nye studietilbod eller ved store revisjonar. LOKUT kan også sende emne- og studieplanar til høyring til relevante fagpersonar eller fagmiljø.
4. Fastsette rammer for ekstern sensur



## Organisering

LOKUT vert utnemnt av styret for tre år og har følgjande samansetting:

- ein vitskapleg tilsett - NLA Sandviken
- ein vitskapleg tilsett - NLA Breistein
- ein vitskapleg tilsett - NLA Oslo
- ein vitskapleg tilsett - NLA Kristiansand
- to studentar utnemnt av Studentparlamentet for eitt år

Minst to skal ha professor- eller førstekompetanse.

LOKUT vel leiar og nestleiar for eitt år. LOKUTs leiar (nestleiar) er møteleiar.

LOKUT er vedtaksført når halvparten av medlemane er til stades. Vedtak vert gjort ved simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal tel møteleiaren si stemme dobbelt.

LOKUT kan invitere andre til møte når dette er ønskjeleg av omsyn til dei sakene som skal handsamast.

Studiesjef møter som sakshandsamar. Prorektor for utdanning og utdanningsleiar har møte- og talerett. Dersom ikkje LOKUT vedtar anna, møter i tillegg LOKUT-administrasjonen. Studiesjef peikar ut ein av desse til sekretær.

*Justert og godkjent av LOKUT 5.mars 2020. Godkjent av styret 4.juni 2020*

